



Bokn kommune

Oppvekstplan 2025 - 2031

Innhald

1	Innleiing	2
1.1	Laget rundt borna våre	2
1.2	Bakgrunn	3
1.3	Prosess	5
2	Mål for born og unge.....	5
3	Kunnskapsgrunnlag	6
3.1	Nasjonale føringar og forskning	6
3.2	Fakta og tal frå Bokn Kommune	9
4	Strategiar og tiltak	10
5	Lenker til lovverk, statistikk og andre planar	20

1 Innleiing

1.1 Laget rundt borna våre

Det skal vera godt å veksa opp i Bokn. Me kan alle saman bidra til at alle våre born og unge vert robuste og meistarar liva sine.

Å tenkja at me investere i framtida når me satsar på born og unge sin oppvekst vil gje resultat på lang sikt. Me skapar god folkehelse og er opptekne av menneske gjennom medverknad, inkludering og tidleg innsats.

Foreldra vil alltid vera dei viktigaste for born og unge si oppvekst. Samspelet mellom foreldre og born legg grunnlaget for all utvikling. I vår kvardag er foreldrerolla blitt meir krevjande. At foreldre får rom for dialog med profesjonar, men og kan finna støtte hjå kvarandre vil vera det same som det afrikanske ordtaket: det krevst ein heil landsby for å oppdra eit born.

Det tyder at heile lokalsamfunnet vårt betyr noko for ein trygg og god oppvekst. Me må saman skapa framtida me ynskjer oss. Det me set fokus på og talar om er slik me får det. Alle menneske har eit grunnleggjande behov for å høyra til og samstundes få lov til å bidra og delta. Dette gjeld særleg born og ungdom.

Då treng me rause vaksne med gode blikk og evne til å sjå, høyra og forstå borna. Vaksne som leitar etter styrker og er opptekne av relasjonar.

Me veit at born som opplev ein eller fleire trygge relasjonar, har eit godt utgangspunkt for kontakt, venskap og god sjølvkjensle.

Dei tilsette i Bokn kommune er ein viktig del av dette, dei bidreg med å skapa relasjonar og sjå etter kvart enkelt born sine styrker. Dette for å fremme borna si utvikling i læring og trivsel. Det skal vera høg kvalitet på arbeidet og kompetansen i barnehagen, skulen, helsetilbod, kultur- og fritid og ulike hjelpetenester.

Målet med oppvekstplanen er å hjelpa born og familiar på best mogleg måte. Foreldre og dei tilsette som arbeider med barn og unge i Bokn kommune skal ivareta barna sitt behov for omsorg, leik, læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Dei må og kunne bidra med rett hjelp til rett tid der det er behov for det, dette fordrar ein tverrfagleg kultur basert på medverknad, som arbeidar med tidleg innsats i alle aldrar.

Borna våre meine at desse verdiane er viktige for å skapa ei trygg og god oppvekst, elevar i 2023:



1.2 Bakgrunn

Kommunal forankring:

Samfunnsdelen til kommuneplanen vart vedteken 01.10.19, der finn me desse handlingspunkta:

«Då må vi ha ein god barnehage og ein god skule

Difor skal vi...

° Sikre tidleg , tverrfagleg og pedagogisk tilfredsstillande innsats

° Sikre barn og unge kompetansar for framtida

° Arbeide systematisk for å gje alle born og unge like moglegheiter

° Oppgradere/bygge ny skule

° Utarbeide plan for oppvekst i Bokn kommune»



Det ble en veldig fin avslutning på året 2024 i Knarholmen idag. Masse folk og fint vær gjorde dette til en flott dag, ca 100 stk var innom. Bokn Motorsportklubb. Fotograf Bjørnar Bryningsland.

Innspel frå samfunnsdel kommuneplan om oppvekst:

«Ein trygg oppvekst bidrar til å skape ein god og robust psykisk helse, og vil bidra til at færre barn og unge kjem i risikosituasjonar kor dei utviklar psykiske plager og lidingar.

Barnehage, skule og helsestasjonstenesta er viktige arena i arbeidet med å skape eit godt oppvekstmiljø for barn og unge i Bokn.

Sosial støtte er rekna som svært viktig for velvære og psykisk helse hos barn og unge, og det vert i både skule og barnehage jobba aktivt og målretta for å skape eit godt og trygt oppvekst - og læringsmiljø kor born og unge skal trivast.

Kommunen har og eit stort fokus på lågterskeltilbud og foreldreveiledning knytta til arbeid for å styrke psykisk helse. Born og unge i Bokn kan i stor grad ferdast trygt ute både gåande og på sykkel, og nærområda kor dei oppheld seg vert og opplevd som trygge områder. Undersøkingar viser og dette (elevundersøkelse, ungdata og folkehelseprofilen for kommunen). «

Innspel frå frivilligheita, 20.03.24: Kvifor driv me med frivillig arbeid?	Innspel frå ungdomsrådet til oppvekstplan 06.05.24 :
Born og unge er vår framtid: Ein er med fordi ein har barn som deltek på aktivitetar og ein er med sjølv for å bidra til å skape enda fleire aktivitetar for barna. Sette ungdommane i fokus Å høyra til: For å bli kjent med folk, gjennom styrearbeid og aktivitetar. Fordi ein trivest med dei andre som er med Skape tilhørighet Inkluderande Å skapa noko saman: Vil organisere aktivitetar ein vil være med på, vil få ting til å skje. For å treffe fleire med same interesse. Det er kjekt å være med å organisere kjekke ting som folk ønsker at skal skje. Ser noko bli skapt, for å få være med å påverke Skape møteplassar Eg vil engasjera meg i kommunen min, gjera ein forskjell. Eg er med fordi eg meiner Bokn må ha ein identitet Å bidra til seg sjølv og andre: Lærer sjølv og lærer andre Framheva andre og heie på andre Gjere ein forskjell for dei som treng det mest Utfordre seg sjølv som menneske Får meir igjen enn ein gir Eg er glad i å hjelpe til, det er meningsberande å jobbe med frivillig arbeid.	Innspel frå ungdomsrådet til oppvekstplan 06.05.24: KVIFOR ER DET GODT Å VEKSA OPP PÅ BOKN? - Fritidsaktiviteter Ting å gjere på fritida, Fritidstilbod for alle Det kjem crossbane snart som sikkert blir populært - Har det bra på skulen Ein bra skule Bra miljø innafor klassane Aktivitet med andre skular - Lett for ungdommar å sei meininga si til kommunen YNSKJER - Ein bra barnehage og skule - Gode oppvekstilbod i kommunen (fritidstilbod, moglegheiter for jobb til ungdom, møteplassar) - Ein plass å vere for ungdommen- Varierte fritidstilbod DET BESTE MED BOKN Sjø og båt Det er trygt Eit unikt samfunn. Alle kjenner alle – nesten, då bryr me oss om kvarandre. Det er enklare å hjelpa kvarandre Det gir ro i sjela å bu her Naturen i kring oss Me har gode moglegheiter for å leva heile livet her

1.3 Prosess

I 2019 var ei breitt samansett arbeidsgruppe med for å utarbeida grunnlag for samfunnsdelen og oppvekstdelen.

I 2023 arbeide ein saman med skuleleiing og politikarar om å byggje eit forsvarleg system og setja ei retning på oppvekstområdet. Elevrådet var med i prosessane.

Våren 2024 var lag og organisasjonar samla i to prosessmøter om frivilligheita.

I 2024 var Ungdomsråd, formannskap, SU, FAU, tillitsvalte og kommunal leiing og tilsette samla i 4 prosessmøter, for å finna fram til målsettingar, strategiar, innhald og form på oppvekstplan.

Hovudspørsmålet i prosessen var: Korleis kan me saman fortsatt sikra ein god og trygg oppvekst på Bokn slik at alle får moglegheit til å kjenna at dei høyrer til og kan bidra i samfunnet og verta trygge gode vaksne med utdanning og arbeid ?

Dei ulike sektorane har i sine personalmøte i januar 2025 arbeidd med tiltaksplanane og sett inn ulike handlingar.



Bokn ungdomsråd 2024: fv. Truls Foss, Espen Ognøy Våge, Albert Lindanger, Magne Røsdal Lund, Eskil Bryningsland, Anna Larsen og Sanne Øvrebø. Oda Sofie S. Aksdal var ikkje til stades då bildet blei tatt. / Fotograf: Elisabet Taraldlien/Rannveig F. Øvrebø

2 Mål for born og unge

Bokn har som mål å skapa eit trygt og inkluderande samfunn, som er med på å bygge opp robuste samfunnsborgarar, slik at det er kjekt å koma attende til Bokn.

Oppvekstplanen skal byggja på følgande prioriteringar:


- Tidleg innsats i alle aldrar
- Læring og utvikling tilpassa bornet - god rettleiing gjennom støtteapparat, barnehage og skule.
- Samhandling rundt barn og unge og mellom dei unge
- Aktive born

3 Kunnskapsgrunnlag

3.1 Nasjonale føringar og forskning

Undersøkingar, planar og lovverk frå sentralt hald, Bokn og Karmøy finn du som lenker i slutten av planen.

Forskning:



Folkehelse trekanten

«Barn og unge er viktigst

Det er viktig å konsentrere seg om tiltak på områder man vet at man kan gjøre noe med. Universelle tiltak rettet mot barn og unge er pekt på som særlig viktige da innsats i tidlige leveår er å anse som avgjørende for å lykkes på lang sikt. Som for all forebyggende aktivitet vil resultatene ofte ligge langt fram i tid, og det er krevende å finne gode måter å måle utviklingen på.» Hentet frå KS og helsedirektoratet.

Det vert i mange samanhengar vist til at ein kan arbeida med god folkehelse på 3 nivå. Dette gjeld på alle våre oppvekstområde.

Styrst effekt vil det me kan gjera for alle ha. Det kan handlar om nærmiljø, uteplasser, arenaer, foreldrestøtte, barnehage, skule og kultur- og fritidstilbod. Ei helsefremmande retning og strategi må synast i alle kommunen sine prioriteringar.

For nokre born og unge treng me meir målretta tiltak, det kan vera grupper som minoritetar, dei som treng spesialundervisning eller dei med risikofaktorar som hindrar positiv utvikling. Eit eksempel på eit av våre tiltak er aktivitetskort.

Nokre få treng systematisk innsats, dei har identifiserte og omfattande utfordringar. Her treng ein mykje koordinering og nettverk mellom tenester. Dette ivareteke mellom anna barnekoordinatoren vår.

Me er opptekne av borna sitt beste og når eit born skal utvikla seg, læra og dannast må me sjå på fleire tilhøve som påverkar dette. Ofte må me ta fleire perspektiv samstundes og saman. Trekanten som vert nytta mykje i Danmark syner at alle perspektiv må takast inn når me snakkar om barnet sitt beste. For å få det til må me skapa god brukar medverking frå born og foreldre, god samhandling internt i kommunen og god samhandling med eksterne tenester.

Beskyttelse- og risikofaktorar for born og unge si psykiske helse. Grunnlaget for god helse vert skapt i familiar, i barnehage og skule, arbeid, aktivitet og fritid, og gjennom samfunn som fremmar meistring og å høyra til. Dei forholda born og ungdom veks opp under, på alle arenaer, vil ha konsekvensar for deira liv. Det er på den måten fleire tilhøve som spelar inn på born og unge sin trivsel og helse. Nokre faktorar kan verke beskyttande, medan andre faktorar kan føra til større risiko.



Utviklet av cand. psych., ph.d. Ida Skytte Jakobsen, docent på University College Lillebælt, og cand.psych. Lisbeth Rask, ekstern lektor på Københavns

ACE – adverse childhood experiences – eller negative barndomsopplevingar er ein bestemmende faktor for helsa til vaksne som til no har vore forstått for dårleg. ACE-studien var den største studien nokon som gong som såg på samanhengen mellom negative barndomsopplevingar og helsemessige, økonomiske, sosiale og psykiske konsekvensar som vaksen. Funna har blitt stadfesta i ulike populasjonar i ulike kulturar og regnast i dag som solide. Konklusjonen er at negative barndomsopplevingar er det mest grunnleggjande helseproblemet vi har, og den sterkaste determinanten for folkehelsa. Førekomen av desse negative barndomsopplevingane er vanlegare enn vi trur, langstideffekten har vore undervurdert og effekten er additiv – det vil sei at dess fleire negative opplevingar born har dess større er sannsynet for u-helse i vaksen alder.

Faktorar for beskyttelse og risiko for born og unge		
Nivå	Beskyttelse	Risiko
Individ	Medfødt robust Individuelle meistringsressursar Sjølvkjensle Identitet Sosiale ferdigheiter Kognitiv kapasitet Sunn livsstil	Låg sjølvkjensle Manglande oppleving av kontroll over eigen livssituasjon Sårbar Ugunstig livsstil Somatisk sjukdom eller funksjonshemming Rus og alkohol

Sosiale nettverk	Sosial støtte Familie Venner Å høyre til	Einsam Lite støttande nettverk Konfliktar Mobbing Belastande livshendingar Omsorgssvikt
Leve- og arbeidsvilkår	Inkluderande lokalsamfunn Sosiale møteplassar Fritidsarenaer Deltak Gode barnehagar og skoler Tilknytting til arbeidslivet	Ikkje fullført skule Arbeidsledig Dårleg læringsmiljø i barnehage og skule Belastande arbeidsmiljø
Generelle vilkår i samfunnet	Sosial kapital (samfunn prega av gjensidig tillit, sosial støtte og samhold) Høg sosioøkonomisk status	Sosial ulikskap og låginntekt Marginalisering Svak integrering Diskriminering

Desse faktorane gjeld for heile samfunnet og for Bokn. I vår plan vektlegg me dei faktorane som gjev best beskyttelse for born og unge. Born og unge bruker mykje energi på tilpassa seg og å vera mest mogleg lik andre. Dei ynskjer ikkje å vise at dei har det vanskeleg. Når vaksne spør seier dei ofte, det går bra. For å fanga opp dei risikofaktorane som forskarar har funne, må ein arbeida med tidleg innsats og vurdere risikoane i ein samanheng. Då treng me god kompetanse i kva som er risikofaktorar og korleis me kartleggje dei. For å førebyggja må me redusera risikofaktorane og styrka dei faktorane som gjev borna ei god oppvekst.

3.2 Fakta og tal frå Bokn Kommune

Demografi

Alder	Kjønn	2025	2030	2035	2040
0 – 25 år	Menn	141	125	115	110
	Kvinner	116	114	110	106
26 – 45 år	Menn	103	115	104	99
	Kvinner	91	94	87	84
46 – 65 år	Menn	128	120	127	117
	Kvinner	112	128	129	124
TOTALT ANTALL PERSONER I ALDERSGRUPPE 0 - 65 ÅR		691	696	672	640

Fødselstal i Bokn kommune	
Årstal	Antal
2017	9
2018	6
2019	10
2020	5
2021	9
2022	9
2023	8
2024	8

Framskriving frå SSB

Elevtalet slik me kjenner det i dag etter fødselstal og innbyggjarar

År/Klasse	23_24	24_25	25_26	26_27	27_28	28_29	29_30
1	9	4	10	6	10	9	9
2	5	9	4	10	6	10	9
3	13	5	9	4	10	6	10
4	9	13	5	9	4	10	6
5	6	9	13	5	9	4	10
6	7	6	9	13	5	9	4
7	10	7	6	9	13	5	9
8	11	10	7	6	9	13	5
9	13	11	10	7	6	9	13
10	12	13	11	10	7	6	9
Tal elevar	95	87	84	79	79	81	84

Me ser at talet på born og unge er synkande og dersom me ynskjer ei anna utvikling må me aktivt gjera noko for å få borne familiar til kommunen. Dette er og ein av målsettingane i samfunnsdelen til kommunen.

Spesialundervisning

Bokn skule har etter storleik mange elevar med IOP eller med anna språk. 20 % av elevane har tiltak ut frå samarbeid med PPT. 5% av desse har spesialundervisning. Dei resterande har behov for hjelpetiltak, eksempelvis ved dysleksi, psykiske vanskar og liknande.

Minioritetsspråklege

11 % har anna morsmål som Ukrainsk, Thai, Tysk og Teiknspråk.

Våre faktagrunnlag tilseier at det er godt for born og unge å veksa opp på Bokn. Dette må me ivareta. Aukande tendens på Bokn og i resten av samfunnet er at fleire treng ekstra støtte for å ha det godt. Difor vel me å ha utvikling av robuste born som ein viktig strategi.

Med dette grunnlaget kan Oppvekstplan 2025-2031 vera med å skapa ein felles plattform, med felles fokusområde for alle.

4 Strategiar og tiltak

Bokn har som mål å skapa eit trygt og inkluderande samfunn, som er med på å bygge opp robuste samfunnsborgarar, slik at det er kjekt å koma attende til Bokn.

Våre strategiar for å få det til:

- "Laget rundt barnet" ein raud tråd
- Tidlig innsats og inkludering, godt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage/skole og foreldre.
- Ein god skule og barnehage for få god læring og godt miljø.
- Legge til rette for eit godt kulturliv, gode fritidstilbod og eit godt samarbeid med og mellom frivilligheita.
- Fremme god psykisk og fysisk helse for born og vaksne, utvikla robuste born.

Kvar strategi har sin eigen tiltaksplan som går på tvers av dei ulike sektorane.

Nokon gonger treng me å samla ressursane frå fleire fagfelt til beste for barn og unge i barnehage og skule. Verksemdene i oppvekst og helse må samarbeide, tidvis også med andre etatar som barnevern, spesialisthelsetenesta, rehabilitering, NAV og politi.

Ved å ha ein felles plattform, med felles fokusområde og sjå på alle tenestene i sektoren i heilskap ynskjer me å sikra gode tenester i sektor for oppvekst og utdanning med høg kvalitet for innbyggjarane.

TILTAKSPLANER

Som kan endrast i løpet av planperioden i dei ulike sektorane.

Laget rundt bornet – ein raud tråd	
Bokn kommune må sikra ein felles praksis for det tverrfaglege samarbeidet rundt barn og unge på alle nivå, og skapa ei felles forståing og utgangspunkt for oppveksttilhøva til born og unge.	
Me vil	Me skal
Ha god rettleiing og hjelp til born og familiar tidleg i livet	Etablera ein handlingsplan for dei 1000 fyrste dagane. Som omfattar, jordmor, helesjukepleiar, barnehage og psykisk helseteneste. Sikre at heile barnehagen er med i å etablere ein handlingsplan for dei fyrste 1000 dagane. Som innfattar at helsesjukepleiar deltek meir i barnehagen.

Inkludera alle innbygarane på ein god måte	Gjennomføre møtearenaer årleg der mange kan medverka om korleis me organiserer fritid. Der våre innbyggjarar kan sei kva dei vil bidra med . Aktivera foreldra på alle område når det gjeld fritida: bli einige om korleis foreldra kan få bidra til ungane si utvikling fysisk og psykisk både gjennom arbeid i heimen, på møtestader i bygda og i organisasjonslivet. Barnehagen og skulen kan vera med på å løfta fram prosessane/tilboda som finns på fritida for born.
Samarbeida systematisk og heilskapleg med eksterne instansar som PPT, BUP, barnevern og spesialisthelsetenesta. Etablere kommunen som ein BTI (betre tverrfagleg innsats) kommune	Opprette eit tverretatleg team for born i barnehage og skule, med møter 4 gonger årleg. Sikra utvikling av system for laget rundt bornet. Samarbeida til det beste for born og unge. Skapa felles forståing og ansvar. Arbeide for at PPT har større og fastare samarbeid med barnehage. Sikre at det er laget rundt barnet som deltek i tverrfaglege team. (Dei som jobbar på golvet)
Vurdere organiseringa av tiltak internt retta mot born og familiar.	Vurdera korleis ressursar retta mot born og unge brukast i dag og vurdere om me kan gjera det på betre måtar. Me vil og vurdere om dei teneste me betalar for i Karmøy kan brukast betre og annleis.
Arbeida med foreldrestøttande tiltak	Ha ei systematisk rettleiing for alle foreldre.
	Faste møtestader og konferansar basert på gode dialogar og støtte til kvarandre. Samt spissa rettleiing mot dei som treng meir. Ha fleire foreldremøte i barnehagen i forhold til konkrete emne. Til dømes: kjensler, grensesetting, søvn, åtferd osv. Utvikle strategiar for å få til møter med alle foreldra og dei som unngår å koma på samlingar eller foreldremøte.

Kompetansetiltak tilsette	Gje tilsette best mogleg kompetanse i å skapa gode relasjonar, kunne ha gode samtaler, vera rettleiarar og samarbeida breitt. Utvikle felles kompetanse om born sine kjensler og korleis me kan møte dei. Heve kompetansen for å sikre god kvalitet blant tilsette slik at borna får den beste starten på livet Auka samarbeid ift tema om SOV (seksuelle overgrep vold) med barnevern/politi/helsesjukepleier osv. Gje tilsette meir kunnskap om dette tema. Utarbeide eit «nytilsett» skriv der me legg fram «pedagogikken» i Bokn Kommune
Gi god Psykisk helsehjelp til born og unge. Psykisk helsehjelp vaksne med born.	Gje tenester primært gjennom vår helsesjukepleier, Psykriatisk sjukepleier og Lege Tilby kurs og kompetanse for brukarar, born og vaksne. Meir kompetanse om psykisk helse inni skulen. Bruke barnevernet til førebygging. Faste kurs/dialogar med barnevernet to gonger årleg for tilsette og foreldregrupper. Bruke spesialist helseteneste til kompetanse og førebygging

Ein god skule og barnehage for få god læring og godt miljø.

Alle barn fortener ein god start. Barn og unge skal oppleve å læra, leika, utvikla seg og å meistra. Trygge rammer er viktige; trygge barn som trivst, lærer betre. I Bokn kommune skal me ha barnehage og skule som gjev høve til god utvikling for alle barn og unge - *uavhengig av sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske skilnader*.

Det krev inkluderande fellesskap og tidleg innsats. Barn og unge skal møta tydelege forventningar og få hjelp til å takla både medgang og motgang i oppveksten. Dei må ha vaksne rundt seg som gjev støtte og omsorg, anten dei må ha hjelp til å finna seg ein ven, delta i leik eller læra seg å lesa, skriva og rekna og forstå samfunnet me lever i. Barn og elevar får det beste grunnlaget for å utvikla seg sosialt og fagleg viss dei opplever at dei er ein verdifull del av fellesskapet og blir godtekne som dei er. Dei skal føla at dei høyrer heime i samfunnet.

Me vil	Me skal
Arbeida med trygt og godt miljø	Me skal utvikle eit verdiprogram som repeterer verdiane kvart år. Kanskje faste for kvar månad. kvaer desember er «inkluderingsmånad» f. eks Me skal arbeide med klasseleing Me skal utvikle nye rutinar rundt skulenærvær Me skal ha felles strategiar i møtet med problem åtferd Me treng fortsett å vera på leit etter eit godt program/ opplegg for å gje kunnskap om relasjonar og følelsar. Dette kan knytast til verdiprogrammet. Det skal vera det same i barnehage og skule.

	Me skal vera eit personale som er tett på barna, rettleier dei i vanskelege situasjonar, brukar dei opplegga som me har som går på sosial og emosjonell kompetanse. (Raude og grøne tankar, bøker om kjensler, vera samen) Relasjonsarbeid Vidareutvikle erfart og lært handlingskompetanse gjennom å ta opp igjen det som har blitt arbeida med tidlegare som f.eks Roland. Ta inn fleire ekspertar på dette med relasjon, f.eks psykologer. I enkelte klasser kan me gjera større tiltak over kortare tid for å snu ei negativ utvikling. Skulenærvær - Snakke oftare om akkurat dette. Ta det meir opp og utvikle nye rutinar og felles haldningar. Me vil arbeida tidleg, tett og treffsikkert med saker som kjem opp om mobbing. Det skal vera eit kjent handlingsrettleiar for alle partar om korleis me møter mobbing på ein profesjonell måte.
--	--

Satsa på språkutvikling og lesing	Me vil utarbeide ein felles leseplan for barnehage og skule Me vil kjøpa meir fysiske bøker Gjennom foreldremøter og informasjon gjera foreldre til ein aktiv del av leseopplæringa. Bruke biblioteket ofte og gjere barna glad i å bli lest høgt for. Oppdatere bokkassar på avdelingane Me skal utvikle temakasser med bøker saman med bibliotekar. Fortsette det gode samarbeidet mellom barnehage, skule og biblioteket. Me ynskjer å gradvis reduser Ipad bruk, samt bruke meir skrivebøker Me tek i bruke ulike verktøy for å betre leseferdigheter, eksempel er Relemo, Aski raski Alle born i skule og barnehage har bibliotek time. Bruke mykje tid med borna der dei vert lest for.
Arbeida med tidleg innsats i alle aldrar	Foreldre må få vite korleis dei kan bidra Ha eigne lesekurs og mattekurs Utvikle ein praksis gjennom ulike metodar, rutinar og planverk.
At våre tilsette skal ha høg kompetanse	Utvikle ein heilskapleg felles kompetanseplan Etablera ein utviklingsplan for alle einingane. Gje etterutdanning og nytta statlege kompetansemidlar. Utvikle kompetanse saman gjennom å vera eit lærande fagfelleskap. Me vil ha fokus på auka kompetanse innan: Relasjonsarbeid slik at alle tilsette gjer likt med handtering av kjensler. Dra det spesialpedagogiske ned til allmennpedagogiske i skule og barnehagetilbodet. Vidareutvikle didaktikk for lek, praktisk læring og aktiv læring. Korleis tilsette kan arbeide med språkutvikling og leseglede.
Utvikle systematikk i korleis me følgjer opp borna internt og på tvers og i overgangar	Møteplan med mål i forkant av overgang mellom skule og barnehage Sette av tid til å ha fysiske møter med dei som overtek ein klasse når dei skiftar kontaktlærar. Då kan ein snakke om dei forskjellige elevane sine styrker og utfordringar. Lage årsplan for overgang barnehage/ skule. Lage årsplan for overgang 7. klasse/ ungdomskule Lage plan for overgang frå Ipad til PC Vidare utvikla klassemøta skulen har starta med, det er veldig positivt.

La borna leika meir ute og inne	Ta vare på og vidareutvikla leikeplassar, ballspelområder og turområde i kommunen i samarbeid mellom kommunen, skulen og organisasjonslivet. Gje meir rom for frileik for alle trinn. Utvikle fleire trivselsleik - aktivitetar i friminutt med oppfølging frå vaksne. Utvikla sjølve undervisninga slik at ho vert meir praktisk. Setje av meir tid til planlegging av opplegg på tvers Barnehagen skal fremma ei god psykisk og fysisk helse med å vera ute med ein kvar anledning det er rom for. Væra meir ute og gå på lengre turar.
La born og unge få arbeida meir praktisk	Vidareutvikle og behalda dei dagane ein er på tvers av klassar det skapar respekt for alle, eksempel er: matematikkdag, juleverkstad, juleavslutning, tverrfaglege dagar og tema veker på tvers. Bruke leiken i undervisning inne og ute. Eksempel butikk , sjukhus ,bygge prosjekt – sandkasse prosjekt – liter og desiliter – lengde -bredde. Bruka lokalmiljøet i større grad, samarbeida med historielaget om røter og kor me høyrer til, med lag og foreiningar om arbeid og aktivitet.
Samarbeida tett med foreldre og born	Oppretthalda gode rutinar for foreldremøte. Syta for god informasjon til foreldra om det som skjer på skulen og kva forventingar me har til foreldra. Ønska den same informasjonen tilbake frå foreldra. Ta kontakt med foreldra etter positive opplevingar med barna og når foreldra kan bidra til at noko blir betre. Etablera foreldremøte to gonger i året. Utviklingssamtale to gonger i året for alle born Ha elevsamtalar basert på styrkebasert tenking Utvikle betre systematikk i korleis me følgjer opp Utvikle ein felles plan for foreldresamarbeid med barnehagen.
La borna læra om relasjonar, kjensler og kva det tyder å høyra til	Etablera klassen sin time kvar veke La borna lære om relasjonar, kjensler og kva det tyder å høyre til.

Arbeide med lærestoff slik at elevane opplever progresjon og at planar vert utvikla med tanke på motivasjon og meistring	Ta i bruk og vidareutvikla årsbytteplanar i skulen. Vidareutvikle praktiske læremåtar Gje elevane større medverknad på eiga læring Eit eksempel er ein undringstime med spørsmål i boks, dette burde eigentleg alle klasser ha. Vidareutvikle praktiske læremåtar. Gje elevane større medverknad på eiga læring - Dei har mykje medverking, men elevane må lære om korleis og når dei kan medverke. Personalet utviklar planverk saman slik at alle får et eigarskap til det.
Alltid leita etter styrkane hjå borna og nytta dei til å møte deira utfordringar	Me vil lære om og utvikle oss på anerkjennande og utforskande samtalar med borna slik at alle våre samtalar er basert på same tankesett.
Inkludera alle Bokn er en fleirkulturell kommune og me skal forebygge rasisme og intoleranse.	Me vil arbeida med kva det betyr at ein kjem frå ulike kulturar, familiar, er ulike på mange måtar, men at alle har styrkar og kan bidra på ein god måte til fellesskapet. Sjå på at vi har en relativt stor gruppe med for eksempel ukrainsk bakgrunn skal vera ein spanande moglegheit for læring. Snakke med foreldre om inkludering. Me er ein liten stad. Fint å bli spurt om å komme på leikeplassen/leik i hallen. Skape fellesskap utanom barnehagen og skulen.

Fremme god psykisk og fysisk helse for born og vaksne, folkehelseperspektivet.

For einskildmenneske og for familiar kan tidleg innsats ha stor tyding for resten av livsløpet. For kommunen har innsatsen både ein etisk og ein samfunnsøkonomisk dimensjon. Etisk sett er det rettare å gripa inn og hjelpa til tidleg enn å risikera uheldig utvikling. Samfunnsøkonomisk veit ein at det over eit livsløp er rimelegare å førebyggja enn å reparera.

Me vil	Me skal
Setja i gong foreldrestøttande tiltak	Arrangera 3 kveldar haust og vår for alle føresette. To av kveldane skal baserast på dialog mellom foreldre etter ei lita innleiing. Ein kveld skal vera eit foredrag om tema foreldre meina er aktuelle.
Skapa entusiasme for deltaking i aktivitetar på fritida	Etablera flest mogleg gode møteplassar for born og unge. Nytt biblioteket i større grad gjennom bokkafear og e-sport tilbod. Vurdere korleis me organiserer og koordinerer arbeid med frivillige.
Arbeida for betre lågterskel tilbod for born og unge om psykisk helse	Arbeida for eit betre lågterskel tilbod som er tilgjengeleg for unge. Eit tilbod som er mellom basistenestene våre og spesialisthelsetenesta.

Bruka forebyggjande politi inn i grupper og klassar for å snakka om rus og kriminalitet	Me ynskjer at barnehagen og får besøk av Politi for å trygge barna. Me vil opprette det svært gode samarbeidet me har med politi i skulen.
Systematisere gruppesamtalar i skulen om psykisk helse, venskap og tilhøyrrighet	Etablere eit program for guttegrupper og jentegrupper for 1. -10. klasse med helsesjukepleiar og sosialrettleiar.
Kurs for tilsette og foreldre.	COS-P – om tryggleik, foreldre får tilbod frå Karmøy Søvnkurs – foreldre får tilbod frå Karmøy Engstelige barn - gjennom foreldrestøttande kveldar Mat og kosthald – diskutere dette med Saniteten og FAU
Etablere eit familie team Tverretattlig team rundt ein familie	Me ynskjer å ta utgangspunkt i velferdsplan utvikla i Asker kommune.

Legge til rette for eit godt kulturliv, gode fritidstilbod og eit godt samarbeid med og mellom frivilligheita

Ein er med i frivilligheita fordi ein har born som deltek på aktivitetar og ein er med sjølv for å bidra til å skape enda fleire aktivitetar for barna. Fordi ein vil sette ungdommane i fokus og det er viktig at ungdommar i Bokn har ein stemme! Ungdommane vil bli høyrde. Me veit kor viktig idrett og aktivitet er for ungdom.

Me vil	Me skal
Arbeida for at born og unge høyrer til fordi me veit at det er viktig at me høyrer til skapar noko saman bidrar til seg sjølv og andre	Skulen skal gjennomføre prosjekt saman med lokalhistorielaget Skulen skal ha årlege prosjekt om meg og plassen me bur på Skulen skal ha kystkultur og landbruk som temaveker i skulen Barnehage og skule skal bruka nærmiljøet og naturen aktivt saman med borna Arbeida for ei kulturhistorisk tilknytning
Gje gode tilbod i kulturskulen	Møte ungane på deira ynskjer Ha varierte tilbod Fortsette å ha gode instruktørar

Samarbeida med frivilligheita	Me ynskjer at frivilligheita og kommune invitere kvarandre inn i samarbeid. Bevara det gode samarbeid som er etablert mellom ulike lag og skule, og om mogleg utvida det. Eksempel er: godt samarbeid med Sanitetsforeininga, Bokn Hjelpe Ukraina , TV aksjonen. Innsats for andre! Som valfag, lam på menyen med Bondelag. Gjennomføra prosjekt mellom lokalhistorielaget og skulen Kommunen skal arrangere 2 møter årleg for lag og foreiningar. Agenda august: Koordinering av frivilligheita – korleis gjer me det i Bokn og innspel til politisk behandling. Samhandling om større arrangement Agenda mai/juni: Årsplanar for lag og foreiningar – krasjmøte – unngå arrangement samtidig Opplæring: Hjelpe kvarandre med organisering av årsmøte, rekneskap og årsmelding. Praktiske ting og informasjons ut. 4. Plan for rekruttering og begeistring. Felles informasjonsplattform Friskus Bokn er allereie etablert (Friskus), klar for å fyllast med innhald. Friskus skal også implementerast på nettsida til Bokn kommune. Korleis heie på kvarandre og rekruttere saman? Det kan lagast ein artikkel om arbeidet og me kan leggja ut dokumentet med alle aktivitetane som er kartlagt. Spesielt kan me marknadsføre kvifor ein driv med frivilligheit i Bokn. Frivilligheita har prioritert desse tiltaka: 1. Ungdom – ein plass å henga 2. Marknadsdag- sommarfestival , felles arrangement i Bokn Andre gode idrett og folkehelse forslag: E-Sport – samle ungdom med samme interesse, sosial arena, utjevne likeverd økonomi og hindre ensomhet. Mål på fotballbanene – få opp aktiviteten i kommunen, skape relasjonar, slippe å kjøre til Tysvær Friluftsvake/helg – marsj, overnatting Allidrett for born/ungdom, ikkje berre 1 idrett, treng ikkje trenar, berre ansvarleg ung/vaksen Motbakkeløp Ruste opp og få til -Speidar for 3-4 klasse –viktig for framtida, ungdomsrådet blir med? 24 timars LAN Andre gode forslag og muligheter:
--------------------------------------	---

	Arrangere ein lokalhistorisk dag i året- fyrst og fremst overfor skule, men og alle innbyggjarar. Viktig for identiteten/kunnskap om lokalsamfunnet. Små og store ting – Kong Charles, Hitler, Erlig Sjalgson, Kongshavn, Utvandringa, Titanic... Lage et verksted for hobby- snekkerveksted og mekanisk- ein stad for gamle og unge, prioritet for menn og gutter Lesekafe på biblioteket på ettermiddag Samarbeid om julegrantenning og jul på naturstien Inkluderingskomite Integreringstiltak Svømmebasseng
Samarbeid mellom frivillige lag og organisasjonar	Det skal arrangerast NM i saueklipp i september 2025. Arrangementet fører til utstrekt samarbeid mellom kommune, kyrkje, ulike lag og foreiningar.
La ungdomsrådet medverka reelt	Fortsetje å ha eit velfungerande ungdomsråd, der kommunalt tilsette driver rådet. (innkalling, sakliste og referent)
At biblioteket skal vera ein arena for bøker, aktivitetar og kulturopplevingar	Delta på kampanjar for lesing Vera med i utvikling av leseplanar for barnehage og skule Ha opningstider tilpassa foreldre og ungdom i tillegg til andre vaksne Halda ulike opne arrangement som filmfestival, boklanseringar og historiekveld. Tysdagskafe for alle
	At bibliotek skal fortsetja å vera ein arena for Bøker, aktivitetar og kulturopplevingar. Utvikle fleire kulturelle innslag for barnehage på dagtid (finnes kulturelle skulesekk) Utvikle fleire arrangement som er retta mot mellomtrinn og ungdomstrinn. Reklamere for ulike ting som ungdom er engasjert i – snakka meir med elevråd ungdomsråd. Vidareutvikle samarbeid med miljøterapeuten slik at ein kan ha felles arrangement som t.d. Bærekraft – sy – strikke – hobby – kurs Lokala til på biblioteket er fint til ulike samlinger. Utvikle saman eit tilbod om E-sport.

5 Lenker til lovverk, statistikk og andre planar

BOKN KOMMUNE

Samfunnsdelen av kommuneplan for Bokn: [KOMMUNEPLAN BOKN KOMMUNE 2018-2030](#)

Folkehelseprofilen for Bokn 2015: [folkehelsa-i-bokn-2015-201968893.pdf](#)

[Hent folkehelseprofil eller oppvekstprofil - FHI](#) for 2023

Handlingsplan vald i nære relasjonar: [bokn.kommune.no/tenester/organisasjon/planar-ograpportar/handlingsplan-vald-i-naere-relasjonar/](#)

Ungdataundersøkelsen fra 2022: [PowerPoint-presentasjon](#)

Elevundersøkinga frå 2023: [Analysebrettet - Nøkkeltall for grunnskole](#)

Frivillig sektor: [Plan for samordning frivillig/offentlig sektor Bokn kommune 2021-2024](#)

Plan Idrett og fysisk aktivitet: [bokn.kommune.no/tenester/organisasjon/planar-og-rapportar/planfor-idrett-og-fysisk-aktivitet-2022-2025/](#)

Bokn kommune kjøper tenester frå Karmøy kommune innan fleire områder, slik at ein del av planverket i Karmøy vil og gjelda for Bokn kommune:

Plan for psykisk helse – barn og unge Karmøy – [Plan for psykisk helse - barn og unge - Demokrati og innflytelse - Karmøy Kommune](#)

Plan for forebygging – Barn og unge Karmøy - [Plan for forebygging - barn og unge 2023 - 2026 - Demokrati og innflytelse - Karmøy Kommune](#)

NASJONALT

Barnekonvensjonen: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/fns-barnekonvensjon/id88078>

Opplæringslova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61> Lov om barnehagar: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

Rammeplan for barnehagen:

<https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagenbokmal2017.pdf>

Læreplan for grunnskulen: <http://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/fagfornyelsen>

Barnevernloven: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100>

Barnevernsreformen: [Hva er barnevernsreformen? | Bufdir](#)

Stortingsmeldinger:

Tidlig innsats: [Meld. St. 6 \(2019–2020\) - regjeringen.no](#)

Praktisk skule: [Meld. St. 34 \(2023–2024\) - regjeringen.no](#)

Kunst og kultur: [Meld. St. 18 \(2020–2021\) - regjeringen.no](#)

Folkehelsemeldinga: [Meld. St. 15 \(2022–2023\) - regjeringen.no](#)

Barnehagestrategi : [Barnehagen for en ny tid - regjeringen.no](#)

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester (24.06.11):

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30>

Forskrift om kommunenes helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten (01.04.03): <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2003-04-03450?q=helsefremmende>

Forskrift om pasientjournal (20.06.14): <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2014-06-2042?q=pasientjournal>

Supplerende rapport om metoder for tidlig identifisering: [96911 Hdir rapport kunnskapsgr 03.indd](#)